

Agnete Nesse: *Innføring i norsk språkhistorie*. Oslo: Cappelen Damm akademisk 2013, 229 s.

For første gong på ein del år har me fått ei ny innføringsbok i norsk språkhistorie for studentar i norsk/nordisk, skriven av professor Agnete Nesse ved Høgskolen i Bergen (utgjeven medan ho var postdoktor ved UiB). Nesse har sjølv arbeidd med lågtysk i Bergen i tidleg nytid, dialektane i Bergen og Bodø, skriftspråk i dansketida og utviklinga av radiotalemålet på 1900-talet, og har såleis ein brei bakgrunn for å gje seg i kast med eit slikt prosjekt.

Dette er på mange vis ei sosiolingvistisk språkhistorie. Nesse freistar heile vegen å kombinera såkalla “indre” og “ytre” språkhistorie, med vekt på både tale, skrift og ytre omstende kring språkbruken. Såleis får skriftspråket i dansketida sin plass, og tilhøvet mellom norsk og andre språk i Noreg vert drøfta: frå latin og lågtysk i mellomalderen, via det gamle minoritetsspråket samisk, til nye innvandrarspråk og det internasjonale språket engelsk i dag. Det breie fokuset fører samstundes til at dei tradisjonelle hovudemna i norsk målsoge, fonologiske endringar frå urnordisk via gammalnorsk til moderne norsk, og i nyare tid normeringsarbeidet frå 1800-talet til i dag, må verta stuttare. Det treng etter mitt syn ikkje vera negativt i ei innføringsbok.

Etter ei stutt innleiing følgjer seks kronologiske kapittel, før eit stutt sluttord avrundar framstillinga. Dei tre første kapitla følgjer tradisjonell inndeling og tradisjonelle nemningar og dekkjer urnordisk og synkopetid til 1050, gammalnorsk 1050–1350 og mellomnorsk 1350–1536. Dei neste kapitla har derimot ei meir utradisjonell avgrensing, “etter et ønske om å la faktisk forandring i folks språkbruk være styrende for periodeinndelingen fremfor viktige politiske hendelser” (s. 10): Perioden 1536–1850 er kalla dansketid, 1850–1965 har fått tittelen “Skrift og tale i støpeskjeen”, medan den nyaste perioden etter 1965 er kalla “Språkfred, destandardisering og flerspråklighet”. Det ser likevel ut som inndeling etter “folks språkbruk” er meir ein ambisjon enn røyndom: Fornorskingsarbeidet starta ikring 1850, men fekk ikkje praktiske følgjer for store folkegrupper før noko seinare, og det heiter òg i starten på dette kapitlet at det handlar om “et stort språkeksperiment” (s. 129), altså den offentlege normeringa. “Språkfreden” kan knytast til Vogt-komiteen 1964–66, og kapitlet innleier med at “[v]erken talemålet eller skriftspråket har blitt dramatisk forandret siden 1965” (s. 183). I røynda er det såleis språknormering og ytre omstende, ikkje den faktiske språkbruken, som styrer inndelinga.

Dei tre første kapitla får drygt 20 sider kvar, medan dei to neste er på over 50 og det siste 27 sider, og dette er nok det mest radikale grepet i boka. Norsk

språkhistorieskriving har gjerne vore oppteken av gammalnorsk, og det er ei forteneestefull side ved boka at dansketida på denne måten vert løfta meir fram. Samstundes gjev denne fordelinga eit inntrykk av at dei tre første kapitla mest er eit pliktløp for å koma til dei periodane som verkeleg interesserer, og dette viser diverre att i innhaldet. Denne meldinga vert difor nøydd til å peika på ein del faktiske feil i framstillinga av den eldste tida.

Kapittelet om urnordisk brukar ein del plass på runerekka (men kvifor har fuþarken fått ei ny inndeling på s. 14, i staden for den etablerte på 8 + 8 + 8 teikn?) og gjev døme på innskrifter. (Binderuna  $\text{ᚱ}$  i Eikelandsspenna er vorten til vanleg  $\text{ᚱ}$ , men translittereringa  $\text{rā}$  er rett.) Dette er ein kulturhistorisk interessant og mjuk start, før me kjem til ljodutviklinga i synkopetida. Omtalen av omljodane er forenkla, t.d. er berre /i/ nemnd som omljodsverkande faktor, ikkje /j/. Ein figur hadde gjort seg her, særleg i-omljod er lettare å forstå når ein ser vokalfirkanten. Somt må ofrast i ei kortfatta innføring, men nokre formuleringar får meg likevel til å undrast: Skilnaden mellom pl. *mus* og *myser* på nynorsk er forklart som “dialektforskjeller”, og Nesse følgjer opp med at “[n]oen ganger har hele språkområdet fått samme endring, som i bøyningen av *bror – brødre*” (s. 25). Her er det vel meir vanleg å rekna med at omljoden verka regelrett (“unntakslaut”, om ein vil), men at analogi har gjenoppretta same vokal i sg. og pl., slik Nesse òg skriv lenger ned på same sida med andre døme. For meg vert det ei blanding av korta når det er hevda at “[d]ialektkontakt fører da til at omlyden oppheves” (s. 26). Det er snakk om to forskjellige endringstypar her: i første omgang fonetisk assimilasjon med følgjande fonemisering, altså omljod; seinare analogisk utjamning i bøyingsparadigmet, ev. leksikalske lån. Dette er prinsipielt ulike mekanismar i språkleg endring.

Bryting vert knytt til auka skilnader mellom skandinavisk og andre germanske språk (s. 26f.). Dette er delvis rett, men engelsk har altså bryting, meir enn norsk. Skrivemåten for brytingsproduktet er i moderne engelsk *ea*, som *heart* < gammalengelsk *heorte* < germansk *\*hertan-*, eit ord Nesse feilaktig brukar som døme på manglande bryting i engelsk (s. 26). På s. 28 er *helt* eit fint døme på utljodsharding (s. 28), men *helt* er ikkje presens med i-omljod, som det står: *halda* har i 1. p. presens *held* (2. og 3. p. *heldr*) med i-omljod, medan *helt* er preteritum med anna avljodstrinn, ikkje omljod. Heller ikkje dømet med *springe/sprekke* (s. 29) er rett framstilt: Norrønt har inf. *springa*, pret. sg. *sprakk*; sidan er to fullstendige paradigme laga analogisk (*springa – sprang*; *sprekka – sprakk*). Den postulerte utljodshardinga av *\*spring* har aldri skjedd, andre former enn pret. *sprakk* med *-kk-* er analogiske. Eg kunne ønskt ei grundigare handsaming av ljodutviklinga i dette kapittelet, og gjerne mindre om runerekka og innskrifter.

Omtalen av gammalnorsk legg vekt på det som skil språksteget frå moderne norsk, med nokre døme på korleis anomaliar i moderne norsk kan forklarast,

og tilvisingar til andre språk som har same fenomen som gammalnorsk. Dette er gode pedagogiske grep, men nokre feil er komne inn her òg: *ute på fiske* er ikkje noka stivna dativform, men det vanlege substantivet *fiske* < norr. *fiski* (s. 46). Vokalharmoni har ikkje noko med fremre/bakre rotvokal å gjera (s. 48), men vokalhøgde; dette har vorte rett i døma. Det er litt pussig at *hr-* ikkje er nemnt i lag med *hl-* og *hn-* som eit skilje mellom norsk og islandsk, når emnet først er oppe. Heilt feil vert det på s. 49: “Den virkelig gjennomgripende endringen i løpet av gammelnorsk tid – som førte til et vesentlig strukturelt skille mellom alle norske dialekter på den ene siden og islandsk på den andre – var fremveksten av etterhengt bestemt artikkel og to tonem.” Islandsk har etterhengd artikkel, og det er truleg at språket òg har hatt tonelagsskilnad, men sidan mist han (Myrvoll & Skomedal 2010 med referansar).

Somme forklaringsar på språkutviklinga verkar tilslørande, heller enn opplysende. Eit døme er påstanden (s. 47) om at “*henne* (<*henni*) og *ham* (<*honum*) er utviklet fra gammelnorske dativformer”. *Ham* er ikkje utvikla frå *honum*, men frå gammaldansk *hanum*, og sidan innlånt via skriftspråket. Eg kjenner ikkje til *ham* i tradisjonelle dialektar, søraustlandsk har t.d. *hannem*, så i norsk er dette eit lån, ikkje indre utvikling, som framstillinga kunne tyda på. Det heiter vidare at *reikna* “er blitt til *regne* i bokmål” (s. 99), men det går inga rett line frå gammalnorsk til bokmål. Diftongen i *Reigning* er forklart som “et kompromiss mellom den gammelnorske og den danske (seinere bokmåls) formen” (s. 99), men det språkhistoriske opphavet åt *ei* i *Reigning* er dansk diftongering av postvokalisk /g/, og har inkje med den gammalnorske diftongen å gjera; skrivemåten er heilt vanleg i eldre dansk og nemnd i ODS. Denne typen framstillingar døl opphavet åt bokmålet og den norske språksituasjonen i dag. Dersom nemninga “norsk språkhistorie” skal ha noka mening (ulikt “skandinaviske”), bør ein skilja mellom former som har oppstått i det ein vil kalla norske dialektar, og dei som er innlånte frå skriftspråk. Bokmålsperspektivet er vel òg grunnen til feilslutninga på s. 95: Der er den alternative forma *selle* (for *selge*) i 1938-rettskrivinga nemnt, ein skrivemåte som med tilvising til eit tekstdøme frå 1700-talet (på s. 94) “var basert på en over to hundre år gammel uttale”. Uttalen er nok eldre enn som så: Ordet har ikkje etymologisk g, skrivemåten *selge* er ein omvendt skrivemåte som kom opp etter at /g/ vart palatalisert før fremre vokal; seinare er plosiven komen inn i talemålet som leseuttale.

Kapittel 3, om mellomnorsk, opnar med den tradisjonelle saga om mannefall blant dei geistlege som grunn for normopplysing; dette synet har vorte utfordra i seinare år, utan at motførestillingane kjem fram her. Så følgjer ein gjennomgang av dei grøvste endringane i språkstrukturen etter tradisjonell modell. Nesse skal ha ros for at ho ikkje ser på vokalreduksjon som sjølv drivkrafta i fleksjonsforenklinga, men set det i samband med morfologiske samanfall (s. 67). Mange dialektar har oppretthalde minst like mange trykklette

vokalkvalitetar som gammalnorsk, så ei forklaring basert berre på reduksjon i trykklett stilling held ikkje.

Eit tekstdøme (s. 58: DN II 656, Stavanger 1420) illustrerer mange av endringane. Det er eit godt grep, men handsaminga er ikkje alltid like bra: Skrivemåten *dagh* vert forklart med at *gh* gav att uttalen /da:ɣ/ (s. 59; jf. under om notasjon), men så seint var ikkje *gh* nokon fast skrivemåte for denne allofonen lenger, men berre ein ortografisk konvensjon (Hagland 2013: 622f.; jf. *sunnodagen* i den aktuelle teksten). På s. 66 heiter det at *sette ek* er presens og ein novasjon frå gammalnorsk *set*, men det er preteritum (norr. *setti ek*). Same stad er det snakk om “[o]vergangen fra *ey* til *øy*” i *heyrði* > *høyde*, men den vanlege skrivemåten for denne diftongen i gammalnorsk var *øy*, medan *ey* er ei islandsk form; det er såleis der det har skjedd ein overgang. Dette er eit problem med å bruka normalisert norrønt, som i hovudsak byggjer på islandsk, som utgangspunkt i diskusjonar av norske språkendringar, eit problem som langt frå er eineståande for denne boka. For det er vanleg normalisert norrønt det er vist til, sjølv om termen er “gammelnorsk”, jf. den etter mitt syn uheldige formuleringa “gammelnorsk *hlutr*” med *hl-* (s. 159), ein skrivemåte som er ukjend i norske tekstar. Det er vel òg normalisert tekst som ligg attom utsegna “i gammelnorsk var det ikke uvanlig å markere vokallengde ved hjelp av aksent” (s. 59). Det er feil, slik bruk er praktisk talt ukjend i gammalnorsk (Seip 1954: 34, 83, 126). Systematisk lengdemarkering er ikkje vanleg i gammalisländsk heller, det er berre i nokre få handskrifter og den norrøne normalortografien dette er gjennomført.

Når me kjem til endringa i lange, attre vokalar (s. 68f.), heiter det at “bokstavene *ó* og *o* gjenga en å-lyd, nemlig /ɔ:/ og /ɔ/ [i gammelnorsk]”. Dette er vel ikkje god latin; *o* stod for /o/, medan teiknet for /ɔ/ var *o* (i normalortografien, som Nesse som nemnt følgjer elles); uttalen av *sól* var såleis ikkje /so:l/, men /so:l/ (s. 68). Denne misforståinga går att i vokalfirkanten på s. 69, der /ɔ/ er teikna inn som ein mellomhøg, attre vokal, på høgd med /e/ og /ø/. Men denne vokalen er låg (i IPA-systemet med fire høgder vert symbolet bruka om den mellomlåge, men det er neppe relevant i ei fonemisk framstilling av norrønt), den mellomhøge er /o/, og i endringa /ba:t/ > /bɔ:t/ vert vokalen runda, ikkje heva, som figuren gjev inntrykk av. (I figuren er det bruka fonetisk lengdeteikn : mot kolon elles. Kvifor denne inkonsekvensen i notasjon?) Det er vist attende til denne endringa på s. 192, der det heiter at “lang *a*, *á*, eller *o* i rotstavelsen fikk ny uttale”, ein uttrykksmåte som i beste fall er uklår, sidan skrifteiknet *á* er nokså nytt. I omtalen av formelt subjekt (s. 74) vert innleiinga *Þet kennis ek [...] at ...* i den same diplomteksten som før bruka som døme, men her er ikkje *þet* formelt subjekt, det er referensielt og viser til innhaldet i brevet. Innleiingar med *þat/þet* finst iallfall så tidleg som 1354 (DN I 343),

lenge før formelle subjekt oppstod i norsk. Det språkhistoriske resonnementet sviktar òg når det heiter at kløyvd infinitiv “oppsto som en følge av kvantitetsomleggingen” (s. 72). Tvert imot måtte skilnaden mellom *-a* i tostava ord med stutt rotstaving og *-e* i dei med lang rotstaving oppstå før kvantitetsomlegginga, sidan alle ord var langstava ord etterpå.

Frå kapittel 4, “Dansketiden”, kjem me inn i ein periode forfattarinna kjenner betre, og dette kapittelet er etter mitt syn det som tilfører norsk målsogeskriiving mest. Det er strukturert i bolkar om skriftspråket, talemålet og den gryande språkdebatten på 1800-talet, og gjev fleire døme på skriftspråket i Noreg i dansketida. Det er det som får klart mest plass, og det er prisverdig at Nesse har funne fram til utrykte kjelder og ikkje berre gjev att dei store forfatarane (sjølv om me får Dorothe Engelbretsdotter og Petter Dass òg). Eg synest likevel det er ei merkeleg prioritering når det er 10 tekstdøme på dansk skriftspråk og jamvel eitt på russenorsk, medan det ikkje er funne plass til nokon norsk bygdemålstekst frå perioden. Den teksttypen har fått eitt avsnitt (s. 108).

Ein del døme er uheldige. Så mange lågtyske lånord som norsk har, verkar det rart å trekkja fram *kjøpe* (s. 89), all den tid det er eit gammalt latinsk lånord som finst i alle gammalgermanske språk, i norrønt som *kaupa*, medan forma med *ø* er komen frå dansk. I samband med dialektforskjellar på grunn av “palatalisering av n” (s. 112) (skal vera *nn* eller /n:/, stutt /n/ er ikkje palatalisert), er /vaj/ ~ /van/ nemnt. Men det er ikkje slik som framstilt, at /tn/ har vorte assimilert til /n:/ og så palatalisert, det er ei tilpassing av den lånte skriftforma *vann* til ljodsystemet i dialektar med palatarar (jf. Dalen 2008: 119). Dei norske dialektane som har /tn/ > /n:/ (Søraustlandet) har ikkje hatt palatalisering av alveolarar. Og det er vel mest forvirrande når forklaringa av “palatalisering” i tekstboksen på same sida brukar palatalisering av velar som døme (/k/, utan å nemna at det skjer før fremre vokal), ikkje alveolar som /n:/. Dømet “*du est*” (s. 113) på mellomsteg i formsamanfallet i verbbøyinga, her teke opp under bolken “Bygdemål” i dansketida, er feil. 2. p. sg. *est* er svært sjeldan i norsk (tre døme i Homilieboka), men var vanleg i dansk. Difor kan *est* naturlegvis finnast i tekstar frå dansketida, men forma har ingenting i eit avsnitt om “bygdemål” i Noreg å gjera. Dømet *flaske* på *-e* i hokjønns fleirtal mot *-a* i hankjønns i Trondheim (s. 116) er òg feil; som Nesse skriv på sida før hadde trondheimsdialekten allereie på 1600-talet *-a* i fleirtal av svake hokjønnsord – men derimot *-e* i *sterke*, som venteleg er poenget Nesse vil fram til her.

Kapittelet om perioden 1850–1965 er meir tradisjonelt, med vekt på utviklinga av to norske skriftspråk. Framstillinga er fylldigare her, og ein kan undrast på om det er rett prioritering å bruka like mykje plass på bolken “Fra dansk til bokmål” (s. 131–151) som heile gammalnorsk periode (s. 33–53, inkludert spørsmål til kapittelet), samstundes som dialektane berre får knappe

3 sider (standardtalemål får noko meir, jf. nedanfor). Framstillinga byggjer på eldre modellar, men Knud Knudsen er framstilt som meir konservativ enn han faktisk var, på s. 135; seinare i livet (*Hvem skal vinne?* 1886) opna han for gjennomføring av diftongar og tre genus, men berre som eit fjernare mål som kunne verta aktuelt i framtida – eit godt døme på den “Gradvishetens Vej” han stod for (jf. Torp & Vikør 2003: 197f.). I omtalen av Aasen saknar eg omgrepet “grunndialekt” og korleis han heilt konkret gjekk fram for å finna fram til ei samlande norsk norm, og kanskje nokre døme på kva val han gjorde.

I diskusjonen av talemålsendringar i denne perioden er det hovudsakleg to område som er omtala: framveksten av nye dialektar på industristader og radiospråket, som Nesse sjølv har arbeidd med; dette kjem òg att i siste kapittelet, og mediaspråket har iallfall fått sin tilmålte plass i denne boka. Både her og i siste kapittel er det dessutan mykje snakk om standardtalemål, utan at det alltid er like klårt kva som er meint med det. På s. 130 vert det i ein ordforklaringsboks definert som “en måte å snakke på som verken er knyttet til geografi, sosial tilhørighet eller situasjon”. Men eit kjenneteikn på standardtalemål er vel nettopp at det er situasjonsavhengig, jf. definisjonen “det bokmålsnære og det nynorsknære talemålet brukt i offentlige sammenhenger” (s. 164) og den følgjande omtalen. På s. 162 er omgrepet definert som “de talemålene som var basert på skrift”. Når det får så mykje plass, kunne omgrepet gjerne vore problematisert, og som dei tre definisjonane viser, er bruken noko uklår. Både her og i siste kapittel får endringar i leksikon og stil (t.d. høfleg tiltale) stor plass i omtalen av talemålet; for eigen del hadde eg ønskt eit sterkare fokus på meir strukturelle endringar.

Det siste kapittelet fortel elles om språknormeringa og slutten på samnorskpolitikken. Her òg har Nesse funne fram til tekstar av urøynde skrivarar. Slik språkbruk er eit viktig, men ofte gløymt, korrektiv til framstillinga av rettskrivingsreformer. Passande nok avsluttar kapittelet med nokre utfordringar i eit fleirspråkleg samfunn – både med dei gamle minoritetsspråka våre og tilhøvet til moderne framandspråk.

Det er ein del slurvfeil som lett kunne vore retta opp med enkle ordboksoppslag, og enkle fakta bør ein ha rett, så eg nemner nokre slike: Dei spanske døma på personbøying av verb (s. 42) skal vera *como* og *come*, ikkje *comido/-e* (*comido* er perf. part., *comide* finst ikkje). “Anno ab incarnatione” er omsett med “år fra Maria bebudelsesdag” (s. 37), ei tidsrekning og omsetjing som elles er ukjend. *Du* med stor bokstav (s. 106) forsvann frå tysk rettskriving i den siste reforma, så samanlikninga med moderne tysk er ikkje lenger like relevant. Om tekstdømet på s. 104–105 heiter det at “nesten bare substantivene” har store førebokstavar. Her kan “nesten” strykast, *slet* kunne brukast substantivisk i nett denne samanhengen, om ein av dei dårlegaste karakterane (sjå døme på stor bokstav i ODS s.v. *slet* 3.1). I dømet “*vika* > *vikku* > *vukku*”

på jamning (s. 115) er utgangspunktet den oblike forma *vikū*. Det er faktisk eit språkhistorisk poeng at det er den oblike forma som lever vidare, ikkje nominativ, og det gjer den moderne forma meir forståeleg. På s. 135 heiter det at kortformer som *gi*, *bli*, *ha*, *ta* og *dra* “ble enerådende” i nynorsk i 2012, men *gjeva*, *taka* og *draga* er framleis normerte. Stuttforma *kje* er normert i nynorsk (motsett s. 155), og Garborg turvte ikkje engelske føredøme, som det vert føreslege. Slike spekulasjonar tilfører ikkje framstillinga noko.

Eg er usamd i bruken av ljodskrift i boka. Det heiter t.d. at “[s]karre-*r* /*ʀ*/ og rulle-*r* /*r*/ er ikke to forskjellige fonem” (s. 13), men kvifor er dei da markerte i fonemskrift? (Skarre-*r* er òg oppført i fonemskrift t.d. s. 59, 64, 167 og 198.) Det same gjeld “/da:ɣ/” (s. 59), det er vel vanlegare å seia at [ɣ] var ein allofon av /g/, og på s. 111 står det faktisk “[hɑɪi]” i fonetisk notasjon med hakeparentes. Liknande uklår terminologi viser seg når det på s. 67 er snakk om at gammalnorske dialektar hadde “tre eller fem” trykklette vokalar, når det i røynda var (inntil) seks allofonar, når me reknar med redusert vokal av /a/ i austnorsk, av tre fonem. Boka skil altså ikkje mellom fonetisk og fonemisk nivå, men brukar skråstrek for attgjevingar av talemål utan noko slikt skilje. Dette ser ein tydeleg når [bot] ‘both’ og [idər] ‘either’, siterte frå Haugen (1953: 47), vert attgjevne som “/bot/” og “/i:der/” (s. 178; referansen er til feil band av Haugen 1953). Etter mitt syn er ikkje dette vegen å gå i innføringsbøker; studentane bør møta same krav til korrekt transkripsjon i alle delar av faget, ikkje berre i fonetikk og fonologi.

Det er ei fin bok, med fargebilete, tekstboksar med ordforklaringsar (sjølv om det verkar litt tilfeldig kva omgrep som får ei slik forklaring) og tekstprøver som bryt opp sidene og gjer boka lettles. Diverre sviktar det litt i korrektur og sats. På s. 179 er t.d. ei line oppatteken i tekstboksen. Korleis er det mogleg å oversjå det i korrekturen? Eg skal ikkje her gje meg til å pirka i trykkfeil og uheldige/dårlege formuleringar (det er nokre slike), men somtid kan feila vera villeiande for studentar, og det er verre: t.d. “personbøying” for numerus- (s. 44), norrøne dat. pl.-former *konu* (s. 44) og *mannun/mønnum* (s. 47), “dativ flertall” *manne* (s. 48), “hankjønnsordet *garð*” (s. 51) og “entall presens *býð*” (s. 82) utan -*r* (jf. *brytr* s. 157), bunden form *konin* (s. 50) for *konan* og “entall” for fleirtal på s. 195 (*slotti*, *husi* i nynorsk i-mål). På s. 164 er det to gonger snakk om diftongeringa av *bátr* til *boat*; det vanlege er vel å gje att denne diftongen som *baot*. Av unødvendige typografiske feil er *ø* gjennomgåande skrive med cedille (“ø”), ikkje kvist, og éin gong med prikk under (“ø” s. 46). Mange stader er det skrive stor *þ* i staden for liten *þ*, og på s. 63 er *ð* sett med ein annan font enn teksten elles. Slike ting kan det ikkje vera så vanskeleg å få til i vår unicode-tid.

Eg har stor sans for prosjektet: ei kortfatta innføring i norsk målsoge som ser språket både innanfrå og utanfrå, med vekt på både skrift og tale. Eg er



likevel usamd i ein del prioriteringar som er gjorde, og synest det vert lagt drygt mykje vekt på skrift og ytre språkhistorie i boka. Men særleg kapittelet om dansketida er eit viktig tilskot til tidlegare læreverk, ikkje minst med døma på folkeleg skrivning; språkhistorieskriving har i altfor stor grad vore historia om språket åt dei store forfattarane. Diverre hadde nok boka som heilskap tent på ei språkleg gjennomarbeiding, og dei tre første kapitla inneheld etter mi meining for mange faktiske feil til å høva for undervisning på universitets- og høgskulenivå.

## Referansar

- Dalen, Arnold mfl. 2008: *Trønderisk språkhistorie*. DKNVS Skrifter 2008 nr. 3. Trondheim: Tapir akademisk.
- Hagland, Jan Ragnar 2013: Gammalislandsk og gammalnorsk språk. Haugen, Odd Einar (red.): *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget, 600–638.
- Haugen, Einar 1953: *The Norwegian language in America*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Myrvoll, Klaus Johan & Trygve Skomedal 2010: Tonelagsskilnad i islensk i Tridje grammatiske avhandling. *Maal og Minne* 2010/1, 68–97.
- ODS = *Ordbog over det danske Sprog*. <http://ordnet.dk/ods/>.
- Seip, Didrik Arup 1954: *Paleografi. Norge og Island*. Nordisk kultur 28:B. Stockholm: Bonnier.
- Torp, Arne & Lars S. Vikør 2003: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 3. utg. Oslo: Gyldendal akademisk.

Ivar Berg  
 Institutt for språk og litteratur  
 NTNU  
 NO-7491 Trondheim  
 ivar.berg@ntnu.no